


NOTAT

02.09.2020

Vurdering om reguleringsplan for Omdal steinbrot utløyer krav om konsekvensutgreiing

Situasjon

Reguleringsplan for Omdal steinbrot skal legge til rette for uttak av skifer. Lokalisering av planområdet er vist i Figur 1. Planen skal erstatte eksisterande reguleringsplan for Omdal skifer (planID: 2008003, vedteken 02.12.2008) som er forelda. I gjeldande kommuneplan for Tokke kommune (planID: KOMPLAN_20, vedtatt: 13.09.2005) er arealet sett av til LNF-område.



Figur 1: Planområdet (raud markør) ligg i ei fjellside nokre kilometer nordvest for Dalen i Tokke kommune.

Gjennomgang av utredningskrava

Heimelsgrunnlaget for vurderinga er *Forskrift om konsekvensutredninger* FOR-2017-06-21-854 §§ 6, 8 og 10, i tillegg til vedlegg I og II.

Reguleringsplanar som har tiltak i samsvar med vedlegg I, skal alltid konsekvensutgreiast dersom tiltaket ikkje er i samsvar med ein tidlegare plan, jr. § 6 punkt b. I dette tilfellet er planlagt tiltak i samsvar med reguleringsplan for Omdal skifer, men denne er heller ikkje konsekvensutgreidd. Tiltaket er ikkje i samsvar med overordna plan.

Reguleringsplanar skal konsekvensutgreiast dersom dei kan få vesentlege verknader for miljø eller samfunn, jf. § 8 punkt a, vedlegg II. I vedlegg II er det ei relevant oppføring, jf. punkt 2 a) Mineraluttak. Det blir derfor gjort ei vurdering av verknader for miljø og samfunn etter § 10.

Vurdering av om planen/tiltaket kan kome i konflikt med verdiar

Jf. *Forskrift om konsekvensutredninger* § 10, tredje ledd, bokstav a-h.

- a) Naturmangfald: I følge offentlig tilgjengeleg informasjon er det ikkje registrert prioriterte eller framande arter i planområdet. Det er registrert eit skogvernområde i lågareliggjande terreng nedanfor interesseområdet. Området er eit «hotspot-område» for sjeldne og truga arter av sopp, karplanter, mosar og lav. Skogvernområdet kan bli indirekte berørt av tiltaket. Området er ikkje verna etter naturmangfaldlova.
- b) Kulturminne: Det er ikkje registrert eller kjent kulturminne innanfor planområdet. Arkeologisk forhandsundersøking blei gjennomført i 2008, utan funn. Vestfold og Telemark fylkeskommune kan krevje ny undersøking i ein reguleringsprosess, dersom dei ser dette for relevant.
Mineralressursar: Det er ikkje registrert nasjonalt eller regionalt viktige mineralressursar i området.
Samisk utmarksnæring: Ikkje relevant.
Friluftsliv: Det er ikkje registrert særleg viktige område for friluftsliv. Grunnlagskartdata viser lokal sti i området.
- c) Statlege planretningslinjer, planføresegner eller regionale planføresegner: Området er ikkje underlagt statlege eller nasjonale føresegner.
- d) Større omdisponering av LNF-område: Området er avsett til noverande LNF-området i kommuneplan for Tokke kommune. I samband med tiltaket (steinbrot) er det naudsynt med omdisponering av område med eksisterande LNF-område. Området det gjeld har eit areal på ca. 100 daa, omfanget vurderast til ikkje å vere av vesentleg karakter i ein kommune som Tokke.
- e) Økt belastning i områder der fastsette miljøkvalitetsstandardar er overskride: Ikkje relevant.

2 (4)

NOTAT
02.09.2020

- f) Konsekvensar for helse: Området ligg ikkje i tilknytning til busetnad eller fortetta område, og det reknast med at planlagt tiltak ikkje vil ha vesentleg negativ innverknad på luftkvalitet. Nokre gardsbruk vil ha innsyn i tiltaket (fjernverknad). Støybelastning må vurderast i samband med planarbeidet.
- g) Vesentleg forureining eller klimagassutslepp: Tiltaket vil ikkje medføre vesentleg forureining eller utslepp av klimagassar.
- h) Risiko for alvorlege ulykker pga. ras, skred eller flaum: Delar av området ligg innanfor aktsemdskart for steinsprang, snøskred samt jord- og flaumskred. Området ligg utanfor aktsemdskart for flaum. Det er lite personopphald i planområdet eller i et potensielt utlaupsområde. ROS-tema handterast som vanleg i ein planprosess.

Konklusjon

Tiltaket kjem ikkje i konflikt med § 10, tredje ledd, bokstav a-h, i *Forskrift om konsekvensutredningar*. Planen utløyser dermed ikkje krav om vidare konsekvensutgreiing.

Utover det blir det tilrådd at følgjande grep blir gjennomført i planprosessen:

- Støytilhøve må dokumenterast
- ROS-analyse gjennomførast og eventuelle farar utgreiast
- Omdisponering av LNF-område utgreiast
- Naturmangfald i området vurderast i høve til kartlegging utført tidlegare
- Miljøkrav i drift må vurderast (påverknad av skogsverneområde, landskapsverknad, viltinteresse))

Kjelder

Kart

- Miljødirektoratet.no: Naturbase og Miljøstatus
- Artsdatabanken.no: Artskart
- Riksantikvaren.no: Askeladden
- NGU (mineralressurser)
- Kommunekart.com
- UT.no
- NVE atlas

Publikasjonar

- Forskrift om konsekvensutredninger (FOR-2017-06-21-854)
- Naturmangfoldloven (LOV-2009-06-19-100)
- Kommuneplan for Tokke kommune (vedteken 2005)